



Nettverksamarbeid mellom Fusa, Kvam, Samnanger og Os kommune «Kultur for eldre» søker med dette om kr 165 000,- til prosjektet

ALL VERDENS KORGAFEST

Mål for prosjektet: Det er mange nasjonalitetar i kommunane og det er eit mål at innbyggjarane i kommunane vert kjend med kvarandre sine kulturuttrykk- og arv. Tradisjonelle og nye kulturuttrykk frå mange land vert her til ei familieframsying som høver for alle aldrar. Møte mellom kulturar og generasjonar. Ein festleiar eller to bind programmet i hop og det må vera planlagt tekst/tolka på arabisk, engelsk og evnt andre språk.

Innhald: Musikarar, kunstnarar og dansarar busette i respektive kommunar formidlar sine uttrykk og me finn fram til folk frå ulike land, gjerne invitert frå ein nabokommune. Dra vekslar på kulturkrefter av tilflytte frå ulike land. Gjerne i samarbeid med BIKS eller Fargespill. Vi vil byggja eit program saman med flyktningar og innbyggjarar: planleggja og gjennomføra både musikk, dans, diktlesing .Det er gode erfaringar med norsk tradisjon KORGAFEST», og dette er veldig kjend for dei eldre og er eigna for arrangement utan påmelding som dette skal vera.

Målgruppe: Alle aldrar og nasjonalitetar, tilrettelagt for eldre.

Metode: Samarbeid mellom ulike frivillige organisasjonar og flyktningtenesta i respektive kommunar. Tilskiping i skulelokale eller samfunnshus. Bygga på korgafest –tradisjon, at alle tek med seg mat å dela med andre: også ei form for kulturutveksling!

Gjennomføring : Samarbeid med frivillige og det offentlege, som til dømes Frivilligsentral, Flyktingeteneste, evnt kyrkjelyd, Folkehjelp og sanitetsforening og Kultureining. Kvar kommune tek utgangspunkt i sine ressursar og i nært samarbeid med flyktningar sjølve.

Stad: Gymnastikksal skulebygg behov for rom til 150- 200 personar .

Tid: ein dag i oktober eller november

Program frå scenen og lokale kor og enkelutøvarar innan musikk og dans, møte mellom profesjonell og amatør, evnt dikt, biletvisning.

All verdens korgafest der du tek med mat til fellesbord. Tradisjon i Norge som mange eldre er kjend med og som kan vera fint å presentera for andre. Ta med noko du har lyst å dela. Skrive på kva maten heiter på ditt språk.

Inngang : Gratis ettersom folk tek med mat og arrangør stiller med te/kaffi og fat/koppar.

Budsjett for 4 arrangement	Kr
Leige av lokaler : nytte skulebygg	
Lydteknikk og scene pr arrangement kr 15000 x 4	60 000
Honorar program kr 15000 x 4	60 000
Annonsering kr 5000 x 4	20 000
TONO avgifter	4 000

Tolketeneste	kr 4000 x 4	16 000
Diverse utgifter som blomar, te, kaffi,		<u>5 000</u>
Sum budsjett		165 000

Finansiering:

Respektive kommune og arrangør held lokale for festen samt organiserer og gjennomfører I planlegging og gjennomføring er det stor eigen innsats i tal timar hjå frivillige organisasjonar og samt frå tilsette i kommunane.

Os kommune står som ansvarleg søkjar og fordeler eit eventuelt tilskot vidare til involverte samarbeidskommunar.

Om søkjar:

Nettverk Kultur for eldre

Kommunane Os, Kvam, Samnanger og Fusa samarbeider om kulturtiltak for eldre på institusjonar i eit nettverk **"Kultur for eldre"**. kvar kommune stillar med 2 tilsette som arbeider med kultur og eldre på institusjon og møtest 2 gogner årleg. Her utvekslast erfaringar, gjer kvarandre tips om forskjellig kulturformidling og inspirerer til kvarandre i arbeidet. Nettverket ynskjer å stimulerer til auka kulturformidling i kommunane og pådrivar til arrangement og prosjekt som kjem dei eldre på institusjon til gode. Me har fleire motteke tilskot frå Hordaland fylkeskommune til fleire av våre prosjekt.

Osøyro 1. april 2016

Grete Byrkjeland

Kultureininga

Os kommune

